

## Utkast til forskrift om hovudmål i grunnskulen i Hyllestad

### KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

#### Framlegg til forskrift om hovudmål i grunnskulen i Hyllestad

*Heimel: Fastsett av kommunestyret i Hyllestad kommune den.... 2024 med heimel lov 9.juni 2023 nr. 30 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, opplæringslova §15-2.*

#### § 1 Verkeområde

Forskrifta gjeld den offentlege grunnskulen i Hyllestad

#### § 2 Formål

Formålet med forskrifta er å stadfeste kva som er hovudmålet i grunnskulen i Hyllestad, og klargjere når hovudmålet skal bli brukt. Formålet er og å klargjere tilhøvet til elevane sine rettar.

#### § 3 Hovudmålet

Nynorsk er hovudmålet i grunnskulen i Hyllestad.

#### §4 Når hovudmålet skal bli brukt

Skulen skal bruke hovudmålet i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevar og foreldre.

Kravet om å bruke hovudmålet gjeld ikkje ved opplæring i sidemål eller i andre språk.

#### § 5 Ikraftsetjing

Forskrifta gjeld frå 1.august 2024

### AKTUELLE LOVER, REGLAR, AVTALAR MED MEIR:

Ny opplæringslov trer i kraft 01.08.2024.

### KVA GJELD SAKA:

Ny opplæringslov skal iverksetjast frå 1.august 2024. I følge ny lovtekst 15-2 [\[1\]](#) første avsnitt skal kommunane fastsetje lokale forskrifter om kva som skal vere hovudmålet på kvar skule:

« *Kommunen og fylkeskommunen gir forskrift om kva skriftspråk som skal vere hovudmålet på kvar skole, anten bokmål eller nynorsk. Skolen skal bruke hovudmålet i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevane og foreldra*».

Det skal berre vere eitt hovudmål på kvar skule, anten nynorsk eller bokmål.

[\[1\] https://lovdata.no/LTI/lov/2023-06-09-30/§15-2](https://lovdata.no/LTI/lov/2023-06-09-30/§15-2)

### SAKSUTGREIING:

#### Gjeldande opplæringslov

§ 2-5.Bokmål og nynorsk i grunnskulen, første avsnitt:

“*Kommunen gir forskrift om kva skriftspråk som skal vere hovudmål i dei enkelte skolane. Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid*”.

## Ny opplæringslov frå 01.08.2024

§ 15-2- Hovudmål på kvar skule, første avsnitt

*“Kommunen og fylkeskommunen gir forskrift om kva skriftspråk som skal vere hovudmålet på kvar skule, anten bokmål eller nynorsk. Skolen skal bruke hovudmålet i den skriftlege oppøringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevane og foreldra”.*

Skulen/dei tilsette vil måtte bruke det vedtekne hovudmålet i oppløringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevar og foreldre.

I førearbeidet til § 15-2 i den nye lova (Prop. 57L (2022-2023)) står det følgjande om når det vedtekne hovudmålet skal brukast:

*" Hovudmålet skal brukast i all skriftleg kommunikasjon med elevar og foreldre, til dømes vekeplanar, beskjedar og liknande. Det er også hovudmålet som hovudsakleg skal brukast i skriftleg presentasjon i undervisninga og i faglege og skriftlege vurderingar. Det gjeld ikkje når elevane får oppløring i sidemål eller i andre språk».*

Hovudmålet som vert vedtatt på den enkelte skule vil styre kva skriftspråk dei tilsette må bruke i undervisninga, med unntak av ved oppløring i sidemål og i andre språk. Hovudmålet skal og bli brukt i skriftleg kommunikasjon med både elevar og foreldre, t.d. i vekeplanar, faglege tilbakemeldingar og undervegsvurdering på prøver eller innleveringar, fellesbrev til foreldregruppa osv. Kva hovudmålet på skulen er vil difor ha noko å seie både for elevar, foreldre og tilsette.

### **VURDERING:**

Både gammal og ny opplæringslov gir kommunen plikt til å vedta forskrift om kva som skal vere hovudskriftspråket ved den enkelte skule. Hyllestad kommune og Hyllestad skule nyttar nynorsk som hovudmål, men dette er ikkje forskriftsfesta.

Det er lang sedvane for bruk av nynorsk, det er allereie brukt i den skriftlege oppløringa og i skriftleg kommunikasjon med elevane og foreldra. Ei forskriftsfesting vil difor ikkje innebere nokon forskjell frå dagens praksis.

Nynorsk er også fastsett å vere administrasjonsspråket i Hyllestad kommune, noko som mellom anna er vist til i gjeldande personalhandbok. Å forskriftsfeste nynorsk som hovudmål i grunnskulen i Hyllestad vil vidareføre bruken av nynorsk som gjennomgåande hovudmål i kommunen. Nynorsk er og vedtatt som administrasjonsspråk i Vestland fylkeskommune.

Administrasjonen føreslår å forskriftsfeste av nynorsk skal vere hovudmålet. Sidan ny opplæringslov skal iverksetjast frå 1.august 2024, er framlegget at den lokale forskrifta også gjeld frå same dato.